

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Dei "Kloke".

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken 91 år.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmannen kårmann bur på Bjerken i Grong.

SVAR

Kloke personar, som var rekna som heimedoktorar, fandst det i kvar bygd, og det har vore fortald om nokkon også her i Grong, men det er ikkje mange. I nabo-bygda Snåsa har det vore fleire, og nokkon der som har vore søkt heilt til den seinare tid. Det har vore intelligente og oplyste folk, som har meint, at dei forstod korleids sjukdomane var, og som har brukt rådbøter dei har lært frå dei som var eldre i faget, og det som dei kan ha lese seg til i bøker og vist også det, dei har funne fram til av si eigen meining. Det var dei som kunde setja i leid og som kunde ordna opp med eit beinbrott, og dei kunde bruka medisn som kamferbrennevin og eitkvart anna til innvortes bruk, korav mykkje var koka av planter og røter, som dei trudde på som brukbar medisn. Verkefinger kunde vist mange operera på brukbar måte, og so var det årelatinga som nokkon dreiv med og so koppinga, som mange var spesialister til og hadde søknad mest, når gikten heldt på å legja folk nedåt. Dette høyrer nærast til operativ kurering ja ogso medisinsk kurering, men det var den magiske kurering, som somme dreiv med, og det sjer ut som at det ikkje går an heilt ^å nekta, at det ikkje fandst dei, som hadde ein evne til å ta gikten bort ved å føra handa si over der, kor gikten var som verst.

Her i Grong hadde vi ei kona Anne Volli på Tømmerås, som var rekna som dugande som klok, og som vart mykkje søkt av dei som var sjuke ja mykkje godt av dei

som hadde vore dårleg i lengere tid. Men i 1835 kom ho for retten. Prestewi bygda hadde skrevet til amtet, at hun utfører forskjellige kurer på syge overalt i denne egn ved hjelp av overtroiske formularer og midler som foregives at være givet hende av en underjordisk person. Det var ett langvarig forhøyr over henne, men det enda med, at ho vart frikjendt. Men ho tok vist til litt med kurane sine igjen for i 1840, vart ho igjen melde a doktor Hartmann. Det kom fram, at ho laga i salve som ho brukte for mest all slags sjukdom, og so „læste hun“ nokko, når ho var på vitjing hos dei sjuke. Ein so alvorleg anklage mot ei so gamal kona, ^{MÅTTE VERA HARD} men ho måtte ho lova å slutta med kurane sine. På sida 108 i Grongboka står det eit lengere referat frå desse forhøyra.

Nokkon som kunde setja blod og lesa reilorda fandst det i kvar bygd ja ogso her i Grong, men ho Anne Volli sjer ikkje ut til å ha hatt nokko med det å gjera.

Den bygda som har hatt fleire som har hatt magiske anlegg til å kurera på folk er Snåsa. Den fyrste ein hørde nemnt derfrå var ein Kristoffer Østvik. Det er vist meir enn eit hundre år sidan han levde. Om han gjekk det fleire fråsegn. Men dei mest kjendte er Ain Ålmo og sonen hennar Bernt Moun. Ho Ain kunde set i ledd so godt som nokkon doktor vart det sakt, og ho kunde stryka bort gikten hos folk med å føra handa si over den staden på kroppen, der gikten satt. Ho hadde stor søknad og vart henta til andre bygder, der dei kunde vera utan doktor og nokkon hadde fåt ei hand utav ledd, eller det kunde vera beinbrott som måtte leggjast rett ihop. Ho er no forlengst avliden, men etter ho tok sonen Bernt Moun til med den samma hjelpa, som mora hadde driva med. Eg råkete Bernt eingona i fjellet, og då eg fekk høyra kven han var, spurde eg om det var han, som skulde vera so flink med å setja i ledd. Ja sa han. Eg måtte ofte hjelpa ho mor og lærte mykkje av henne. Han er ogso avliden. Eg hugsar ho

honom som ein vakker mann med ei fin framferd. Den evna desse folka hadde har vore mykkje omtala og undrast på. Var det sugjestsjon eller nokko anna. Det var ikkje nokko bråk med dei på nokkon måte. Dei var stilfarande. Kom ein åt Bernt Moum med gikten i eit knæ, strauk han handa over knæet og nedetter leggen, og so kom det slik varme i fotabladet, at det var å undrast på. - Innvortes sjukdommar tok desse folka seg ikkje av.

Etter Bernt Moum vart sonen Peter mykkje søkt, når gikten vart for slem, men han er ogso avliden og det har vore sakt, at dotra etter Bernt har teke over, då ho ogso skal ha samma anlegget, som høyrer slekta til.

Men den mest kjende person med magiske anlegg som doktor er ho Anna Kammen på Steinkjer. Ho hadde søknad frå alle bygder, men skulde det skrivast alt om ho, vart det ei stor bok og boka måtte skrivast av ein frå Steinkjer eller ~~etter~~ bygderna deromkring.